



INVITASJON

til deg som foresatt til elev på 9. trinn

Foreldretreff med Mari Prytz Malmanger om psykisk helse



Å ha ei god psykisk helse er viktig for å beskytte mot rusproblem. Korleis kan vi foreldre vere gode samtalepartnarar for ungdommane våre og støtte dei i livets opp- og nedturar?

Målet med dette føredraget er:

- At du skal kjenne til kva Ungdataundersøkinga seier oss om ungdoms livskvalitet i ditt lokalsamfunn
- At du skal få nokre konkrete råd og tips til korleis ein kan snakke med ungdom om psykisk helse
- At de saman skal få reflektere over kva som formar og påverkar ungdomstida anno 2024

Mari Prytz Malmanger er utdanna sosionom og har jobba med ungdomar på ulike arenaer sidan 2012. Mari jobbar til dagleg i Ungdomsteamet i Sandnes der ho driv med oppsøkjande arbeid, individuelle samtalar med ungdom og foreldrerådgjeving. Ho har mange nyttige erfaringar å dele med dei som er nærast ungdomen og er opptekne av at ungdomar skal ha ein best mogeleg ungdomstid.

Alle føresette bør få med seg dette føredraget i Sterk&Klar. Dette er ein god anledning til å bli kjend med dei andre foreldra og prate om grensesetjing, klasse- og oppvekstmiljø. Tydelege vaksne gjev tryggare ungdom.

NÅR OG HVOR: BRYNE UNGDOMSSKULE – TIRSDAG 04. NOVEMBER KL. 18.00-CA 19.30

Meld deg på treffet her: <https://www.sterkogklar.no/kalender/foreldretreff-bryne-9-tr-1>

TREFFET VERT ARRANGERT AV SKULEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR

Velkomen!